


# Bilete og figurar i Word

av Kjell Skjeldestad

Ofte har me behov for å setje inn ulike illustrasjonar i teksten vår. Det kan vere bilete, teikningar, diagram osv. Me skal sjå på nokre av dei mulegheitene som finst i Word på dette området. Versjon 2007 av Word er eit stort framsteg i høve til tidlegare versjonar, men framleis er det feil og manglar i Word sine grafiske funksjonar. Det finst såleis funksjonar som ikkje verkar – eller som ikkje er mogeleg å gjere – i Word 2007. Men i PowerPoint 2007 – som ser ut til å ha same "verktøykasse" – verkar det meste!?


## Innsetjing av illustrasjonar

Under **Sett inn**-menyen finst 5 val under **Illustrasjonar**. Me skal sjå på alle, men i dette notatet kjem eg til å fokusere mest på *bilete* og eigenkomponerte *figurar*.



## Innsetjing av bilete

Valet **Sett inn** – **Bilde** – **fra fil** vil få fram boksen **Sett inn bilde**. Her må me bla oss fram til den rette mappa med det aktuelle biletet (sjå pil).



Vanlegvis vil Word starte i mappa **Mine bilder** (seinare til den mappa me brukte sist). Når me har funne det biletet me vil ha inn i teksten, er det berre å markere det – og trykke på **Sett inn**. Biletet kjem då på plass *der som markøren stod* (det er såleis lurt å tenkje gjennom kvar me skal plassere markøren før me set i gang innsetjinga!). Men – som me straks skal sjå – det er ikkje vanskeleg å flytte/ endre/ slette biletet seinare. Biletet får vanlegvis ein storleik som er tilpassa teksten (mellom margane).

eitkvart burde gjerast langs den vegen også. Det er ikkje tidmessig nok berre med ordforandringar. Også gamle uttrykk og faste vendingar lyt no og då til pers av omsyn til lesande i dag eller i morgon. Og språket endrast stadig.




#### Utval

Tilfanget her kan verke romsligare og godsligare enn mangt anna tilfang i eventyrsamlingar med same grobotn, og kjem neppe til å gjere noen folkevond over natta. Om utvalet gjer

## Biletverktøylinja


Når eit bilete er *markert*, kjem verktøylinja for **Bildeverktøy** fram (i nokre tilfelle må ein klikke på **Bildeverktøy** for å fram linja – men det står over alle menyane). At eit bilete er *markert*, ser du ved at det er nokre små symbol (sirkclar eller firkantar) i kvart hjørne og midt på langsiden på biletet (sjå raude piler nede). Dessutan vil det ofte vere ein strek med ein grøn sirkel i enden øvst på biletet (sjå grøn pil øvst). Desse symbola vert brukte til å *justere* storleik, eller *rotare* biletet. Dette kjem me straks til.

Dei 4 hovudområda på biletverktøylinja er **juster**, **bildestiler**, **ordne** og **størrelse**.




## Justering av bilete

Word har ein del verktøy for justering av bilete. Men dersom det er behov for store justeringar, vil eg tilrå å gjere det i eit biletredigeringsprogram. I Word 2007 vert bilete automatisk *komprimerte*, slik at dei ikkje tek meir plass enn nødvendig for å visast i teksten, men i nokre høve kan me komprimere meir.




Den enklaste forma for justering av storleik gjer me med direkte manipulering på biletet ved hjelp av dei små symbola i ytterkanten av biletet. Hugs at biletet må vere *markert* før me får gjort det! Dersom me skal justere storleiken på biletet, går me så over biletet med markøren. Markøren ser då vanlegvis slik ut:

Dersom me trykkjer inn venstre museknapp no, kan me *flytte* biletet!



Ved å føre markøren heilt inntil markeringspunktet, går han over til *dobbelpil*:




Dersom me no trykkjer inn venstre museknapp og dreg, vil storleiken på biletet verte endra. Det er viktig at me gjer dette på eit hjørne av biletet (vanlegvis runde markørar) og ikkje midt på sidene (firkanta markørar), då vil proporsjonane i biletet (forholdet mellom høgde og breidde) vere uendra.

eitkvart burde gjørast langs den vegen også. Det er ikkje tidmessig nok berre med ord-  
forandringar. Også gamle uttrykk og faste vendingar lyt no og då til pers av omsyn til lesande  
i dag eller i morgon. Og språket endrast stadig.

**Utval**  
Tilfanget her kan verke romsligare og godsligare enn mangt anna tilfang i eventyrsamlingar  
med same grobotn, og kjem neppe til å gjøre noen folkevond over natta. Om utvalet gjør


Når det gjeld plassering av biletet på sida, i høve til teksten, i høve til andre bilete osv, har me mange mulegheiter i Word – særleg under **Ordne**. Men det er ikkje alt som verkar like godt – så ver førebudd på overraskingar!

## Tekstbryting



Det første me må gjere for at me skal få plassere biletet relativt fritt i høve til teksten, er å seie frå kva *tekstbryting* biletet skal ha:


- Standard er **På linje med teksten**, dvs biletet ”tek” heile linjene der det står – og teksten vert berre over og under.
- Med **Firkantet** vil teksten tilpasse seg i ein firkant rundt biletet – og biletet vert lett å flytte rundt i teksten.
- Med **Tett** vil teksten tilpasse seg biletet – uansett kva form det har.



- Me kan elles få biletet bak eller framfor teksten på ulike måtar, men dette er effektar som er avhengige av meir eller mindre gjennomsiktige bilete.

Med *Firkantet* tekstbryting ser dømet slik ut:

**Moderne språk**  
 Når det gjeld setningar, kan dei bli forenkla så eventyrarv blir hørt og forstått vidare og breiare - det kallar vi betre. Det er no slik at ganske mange eventyr og dialekter ikkje er fullt gangbare i dag, og dessutan at målføra før hadde andre former enn dei som no er vanlige, så eitkvart burde gjerast langs den vegen også. Det er ikkje tidmessig nok berre med ordforandringar. Også gamle uttrykk og faste vendingar lyt no og då til pers av omsyn til lesande i dag eller i morgon. Og språket endrast stadig.




**Utval**  
 Tilfanget her kan verke romsligare og godsligare enn mangt anna tilfang i eventyrsamlingar med same grobotn, og kjem neppe til å gjøre noen folkevond over natta. Om utvalet gjør mange glade, atterspeglar det i grunnen våre interesser: Dei er ikkje først og fremst folklore-forankra, heller ikkje forankra i grunn underhaldning. Gode eventyr er kjekke

å vekse opp med. Ein kan bli ganske godt danna av dei med tid og stunder om mangt går den vegen.


**Andre samlingar**  
 Ei noe større, engelskspråklig eventyrsamling her har blitt godt mottatt i utlandet alt, og vi har også gitt løyve til ei omsetjing til blindeskrift ved Texas School of the Blind, etter

## Plassering

Valet *Plassering* under *Ordne* på biletverktøylinja kombinerer plassering av biletet på sida, og tekstbryting (*Firkantet*).



Som tidlegare nemnt, er det ofte eit lite grønt "handtak" (sirkel) midt over biletet. Dersom me let markøren nærme seg, vil han skifte over til ei sirkulær pil. Då kan me trykkje inn venstre museknapp og rotere biletet.



**Moderne språk**  
 Når det gjeld setningar, kan dei bli forenkla så eventyrarv blir hørt og forstått vidare og breiare - det kallar vi betre. Det er no slik at ganske mange eventyr og dialekter ikkje er fullt gangbare i dag, og dessutan at målføra før hadde andre former enn dei som no er vanlige, så eitkvart burde gjorast langs den vegen også. Det er ikkje tidmessig nok berre med ord-forandringar. Også gamle uttrykk og faste vendingar lyt no og då til pers av omsyn til lesande i dag eller i morgon. Og språket endrast stadig.

**Utval**  
 Tilfanget her kan verke romsligare og godsligare enn mangt anna tilfang i eventyrsamlingar med same grobotn, og kjem neppe til å gjøre noen folkevond over natta. Om utvalet gjør mange glade, atterspeglar

Etter dreininga må me tilpasse teksten ved å velje *tekstbryting Tett*:

**Moderne språk**  
 Når det gjeld setningar, kan dei bli forenkla så eventyrarv blir hørt og forstått vidare og breiare - det kallar vi betre. Det er no slik at ganske mange eventyr og dialekter ikkje er fullt gangbare i dag, og dessutan at målføra før hadde andre former enn dei som no er vanlige, så eitkvart burde gjorast langs den vegen også. Det er ikkje tidmessig nok berre med ord-forandringar. Også gamle uttrykk og faste vendingar lyt no og då til pers av omsyn til lesande i dag eller i morgon. Og språket endrast stadig.

**Utval**  
 Tilfanget her kan verke romsligare og godsligare enn mangt anna tilfang i eventyrsamlingar med same grobotn, og kjem neppe til å gjøre noen folkevond over natta. Om utvalet gjør mange glade, atterspeglar det i grunnen våre interesser: Dei er ikkje først og fremst folklore-forankra, heller forankra i grunn underhalding. Gode eventyr er å vekse opp med. Ein kan bli ganske godt danna av dei og stunder om mangt går den vegen.

ikkje kjekke med tid

**Andre samlingar**  
 Ei noe større, engelskspråklig eventyrsamling her har blitt godt mottatt i utlandet alt, og vi har også gitt løyve til ei omsetjing til blindeskrift ved Texas School of the Blind, etter oppmoding, og så bortetter. Det finst lenkjer til eventyr herifrå frå fleire kantar.


## Bilettekst

I Word kan ein leggje inn bilettekst (figurtekst) under/ over bilete. Men – sjølv om biletet må vere markert når dette skal gjerast – verktøyet for dette er ikkje på Biletverktøylinja! Under **Referanser** vil ein derimot finne **Sett inn bilettekst**. Då får ein opp følgjande boks:


(Ein annan (enklares?) måte er å høgreklikke i biletet. Ein får då opp ein meny, som mellom anna inneheld valet **Sett inn bilettekst**)




Her er det høve til mange variantar, men dersom ein berre skriv inn biletteksten, kjem han fint på plass (i ein tekstboks under biletet), og Word held styr på nummerering av bilettekstar utover i dokumentet. Dessutan kan ein generere *bilettekstliste* på grunnlag av bilettekstane (på same måten som innhaldslista vert generert på grunnlag av overskriftene).



## Tekst i biletet



Nokre gonger vil ein leggje ein (forklarande) tekst inn i sjølve biletet. I Word må dette gjerast ved at ein legg inn ein *tekstboks* i biletet, skriv inn teksten i tekstboksen, og så skjuler sjølve tekstboksen (i PowerPoint vil tekstboksen automatisk verte skjult). Under **Sett inn** finst knappen **Tekstboks**. Ein får då opp ei lang liste med ”ferdige” tekstboksar, men vel **Tegn tekstboks**. Ein kan no ”dra” tekstboksen på plass i biletet (både plassering og storleik kan endrast seinare, så ein treng ikkje vere så nøyaktig i denne omgang).



Ein skriv inn teksten i tekstboksen




... og justerer skrifta med passende effektar (hugs på at skriftfarge bør vere *komplementærfarge* til den dominerande fargen i biletet for å synast godt!)





No står det berre att å skjule sjølve tekstboksen.

Ved å *høgreklikke* i tekstboksen (gjærne på streken rundt), kjem følgjande meny opp:



Valet *Formater tekstboks* gjev då store mulegheiter:



Her kan me altså endre fargar (og mykje anna) både på *fyll* (bakgrunnsfarge i boksen) og *linje* (streken rundt boksen). Ved å velje **Ingen farge** begge stader, vert tekstboksen "usynleg" – og berre teksten står att!

(NB Tekstboksen er ikkje borte, så ved å klikke i teksten, kjem han fram att – og kan redigerast vidare!)

gangbare i dag, og dessutan at målføra før hadde andre former enn dei som no e  
eitkvart burde gjørast langs den vegen også. Det er ikkje tidmessig nok berre me  
forandringar. Også gamle uttrykk og faste vendingar lyt no og då til pers av oms  
i dag eller i morgon. Og språket endrast stadig.



Figur 1 Vassliljer


**Utval**  
Tilfanget  
romsligar  
godsligar  
anna tilfa  
eventyrst  
same gro  
neppe til  
folkevonn  
Om utval  
glade, at  
grunnen  
interesse  
først og f  
folklore-  
heller ikk  
grunn un  
Gode ev  
å vekse d

kan bli ganske godt danna av dei med tid og stunder om mangt går den vegen.


Dersom me ønskjer å flytte biletet, er det ikkje sikkert at teksten følgjer med! For å vere sikker på det, må me "sy saman" biletet og teksten til eitt *objekt*. Dette heiter **gruppering**, og er vist under **Eigenkomponerte figurar**.

## Klipping i bilete

Nokre gonger er det berre delar av eit bilete som skal vere med i teksten. På biletverktøylinja finst valet **Beskjær** under **Størrelse**. Dette er eit verktøy som er greitt til klippe ut delar av biletet, men det tek berre firkanta utsnitt, slik at det til dømes ikkje er mogeleg å ta bort eit hjørne eller klippe ein kant avrunda.



Når ein går inn i "beskjær"-modus, skiftar dei små symbola rundt biletet til små *strek*, og *vinkelstrek* i hjørnet:




Ved å føre markøren mot eitt av desse (markøren ser slik ut:



), vil markøren skifte over til eit anna symbol:



Då kan me berre dra med museknappen nede, så ser me heile tida korleis biletet vert mindre:



Ved å trykkje på **Beskjær** ein gong til, kjem ein attende til vanleg bilet-modus, og kan velje passende tekstbryting for det klippte biletet.

#### Andre samlingar

Ei noe større, engelskspråklig eventyrsamling her har blitt godt mottatt i utlandet alt, og vi har også gitt løyve til ei omsetjing til blindeskript ved Texas School of the Blind, etter oppmoding, og så bortetter. Det finst lenkjer til eventyr herifrå frå fleire kantar.



Dei utklippte bitane av biletet vert tekne vare på av Word, slik at dei eventuelt kan limast inn att seinare. Men dette betyr og at biletet ikkje tek mindre plass sjølv om berre ein liten bit vert brukt! (Kan endrast under **Alternativer for Word**.)

## Utklipp



Word har ein heil del bilete, figurar, animasjonar, lydar og videoar tilgjengeleg som standard under samleordet **Utklipp**. I tillegg vil ein ofte ha tilgang til fleire i resten av Office-pakka. Dette kan variere noko frå installasjon til installasjon. Men den store mengda utklipp får ein tilgang til via Microsoft sine nettsider for *utklipp og media*. Dersom ein er tilknytt Internett, vil Word automatisk søke på desse nettsidene etter aktuelle utklipp dersom vi ber om at det skal søkast *overalt*. Eit utklipp vert stort sett handtert på same måten som bilete når det gjeld til dømes *plassering og tekstbryting*.

Her er døme på lokale utklipp med stikkordet ”mat”.  
 (Legg merke til at kakestykket har eit symbol nede til høgre – det indikerer at det er ein *animasjon*.)



## Eigenkomponerte figurar

Teikneverktøyet i Word får ein tilgang til ved **Sett inn – Figurer**. Her ligg ei stor mengde ”ferdige” figurar av ulike kategoriar. Dessutan finst det piler og linjer av ulike slag – til og med ”frihandsteikning”!

For alle figurane gjeld at dei kan


- justerast i storleik
- dreiarast
- velje ”innmat”-farge (**Figurfyll**)
- velje strekfarge (**Figuroriss**)

Mange figurar kan dessutan justerast på ulike andre måtar (til dømes kan ”smilefjes” bli sur!)


Ein vel berre den aktuelle figuren og dreg ut med museknappen inne der figuren skal vere.

Dersom me ønskjer at *sentrum* i figuren skal vere det punktet me dreg frå, må me halde **Ctrl**-tasten inne medan me dreg.


Dersom me ønskjer å lage *symmetriske* figurar (til dømes rektangel som kvadrat eller ellipse som sirkel), må me halde **Shift**-tasten inne medan me dreg.





Når me teiknar ein figur på denne måten, vert han i første omgang lagd "oppå" teksten. Det kjem opp dei vanlege biletsymbola i kantane på figuren, slik at han kan justerast seinare – som eit bilete.



Me kan teikne ulike figurar (eller den same fleire gonger – men må merkje på nytt kvar gong!).



Det kan så plasserast ulike objekt for å knyte saman dei som er teikna. Legg merke til at også piler er *objekt* – som kan justerast som andre figurar/bilete (sirkclar/firkantar i kantane)!






## Farge og strek

På same måten som me viste for *tekstboks* tidlegare, kan alle figurar "fyllast" med ulike fargar – og dessutan ulike mønster, graderingar, tekstur eller bilete! Streken rundt figuren kan ha ulik utsjånad (tunn, tjukk, dobbel, prikka osv) og ulik farge.



Ved å høgreklikke i figuren (gjerne på kanten), får me opp følgjande meny:

Det siste valet kan ha ulik tekst, etter kva type figur me held på med, til dømes **Formater Figur** eller **Formater Autofigur**. Når me klikkar på det, vil det kome opp litt ulike menyar, men alle gjev høve til å endre **Fyll** og **Strek**. Me kan òg velje **Figurfyll** eller **Figuroriss** på teikneverktylinja:







Til dømes kan me leggje inn:




Det er òg høve til å leggje inn meir "avanserte" effektar som skugge og 3D – men det er fort å overdrive!




## Gruppering




Når me har laga ein figur som skal vere sett saman av fleire (grunn-)figurar (gjerne boksar og strek eller piler), er det viktig å "sy" det heile saman til *ein* samanhengande figur. Me kan elles risikere at delar av figuren flytter seg når me endrar teksten, og kopiering/ flytting er umogeleg for alt samla. Me går då til *Velg* under **Redigering** på **Hjem**-menyen og vel *Merk objekter*.





Ved å stille markøren utanfor figuren (til dømes til venstre og over) og så halde inne museknappen og dra til motsett ”hjørne” av figuren (til dømes til høgre og under) vil det kome ei prikkal linje rundt heile figuren (dersom noko av figuren er utanfor denne prikkalinja, må det heile gjerast på nytt!).



Når ein så slepper museknappen, vil **alle** delane av figuren vere merkte. (Ein kan oppnå same effekt med å klikke på kvar delfigur og halde *ctrl*-knappen nede, men i kompliserte figurar er det fort å oversjå ein liten del med den metoden.)




Ved å høgreklikke på kanten av ein av delfigurane, vil me få opp den same menyen som tidlegare, men no skal me velje **Gruppering** – og **Grupper**.




Me ser då (på symbola rundt figuren) at no er det heile **ein** figur. Me kan framleis gjere nokre endringar på enkeltdelar av figuren, men skal me gjere større endringar, må me løyse opp figuren att, med **Del opp gruppe**.

No har me ein samansett figur, og det står berre att å tilpasse han til teksten med passande tekstbryting. **Firkantet** vil gje slik effekt:






Medan *Tett* vil gje slik effekt:



I min versjon av Word 2007 verkar ikkje denne teknikken på tekst i bilete (som vist tidlegare i notatet). Det er rett og slett ikkje mogeleg å få merkt *både* biletet og tekstboksen, slik at ein kan få gruppert dei saman!


## Innlegging av tekst

Dei aller fleste grunnfigurane kan gjerast om til tekstboksar, og såleis leggast tekst i. I den same menyen som me har sett fleire gonger no (kjem fram ved å høgreklikke på kanten av ein figur) finst valet *Legg til tekst*. Ved å klikke på det, vert figuren gjort om til tekstboks (det ser du ved at kanten vert skravert, og markøren står og blinkar inni figuren). Då er det berre å skrive teksten – og formatere han på passende måte. I PowerPoint vil teksten bli midtstilt både horisontalt og vertikalt, men det vert han ikkje i Word – så her må me justere han på plass sjølve!



## Lerret

Mange tykkjer det er forvirrende å teikne figurane oppå teksten, og vil heller ”rydde plass” til dei på førehand. Ein kan då leggje inn eit **Lerret** i teksten. Heilt på botnen av figurmenyen (side 10) finst valet **Nytt lerret**. Det vert då sett inn eit stort rektangel over heile linjelengda. Ein kan òg endre ei innstilling i Word, slik at det alltid vil bli sett inn eit lerret når me skal teikne figurar.




## SmartArt-Grafikk

Word 2007 har fått eit utvida verktøy i høve til det som tidlegare heitte **Diagram eller organisasjonskart**. Det nye verktøyet heiter **SmartArt**, og har svært mange mulegheiter når det gjeld ulike diagram eller organisasjonskart.

Som det går fram av boksen på neste side, er det svært mange mulegheiter i dette verktøyet.






Det er berre å velje ein type og skrive inn tekstar i dei ulike "boksane", og det er vanlegvis enkelt å utvide med nye "boksar" eller "greiner" – og elles endre utsjånad på svært mange måtar:

duka den opp med den finaste maten han ville.


**4.2 Flaska**  
 Så kørde dei lenge, og ein dei til ein att. Mens dei gjekk inn til gjekk guten drengestua. jentene sjå han skulle bli svara som før til og så gjekk dronninga og var slik ein ven gut ute i drengestua. Han var så lik dei to prinsane, så han laut vere i slekt med dei.



langt og kveld kom kongsgard andre to kongen, til Men så fekk han og ville med inn. Han at han skulle drengestua, dei inn til tala om det

Tekstbryting verkar på same måten som elles:


**4.2 Flaska**  
 .Så kørde dei langt og lenge, og ein kveld andre to gjekk inn til kongen, gjekk jentene sjå han og ville han skulle bli skulle til drengestua, og så gjekk det var slik ein ven gut ute i prinsane, så han laut vere i No gjekk dronninga sjølv, det ikkje bøn for det, han han fekk det finaste finaste senga til skulle reise att fekk flaske av og denne flaska var slik at ein kunne tappe den finaste vinen av henne så lenge ein ville; ho blei aldri tom.



kom dei til ein kongsgard att. Mens dei guten til drengestua. Men så fekk med inn. Han svara som før at han dei inn til dronninga og tala om drengestua. Han var så lik dei to slekt med dei. og då ho fekk sjå han var laut vere med inn, og rommet og den natta. Då dei no om morgonen, Oskeladden ei dronninga,

## Diagram

I Word 2007 er det eit eige verktøy for Diagram. Dette er stort sett dei same mulegheitene som ein finn i Excel 2007. Når ein vel eit diagram frå menyen, kjem ein då også inn i eit rekneark for å setje inn aktuelle data. Vanlegvis har ein dataa i reknearket frå før, så det er berre å lage diagrammet der – og kopiere det og lime det inn att i teksten.




## WordArt

Dersom du prøver å dreie på ein tekstboks i Word 2007, vil du sjå at boksen dreiar – medan teksten vert ståande att horisontalt! Dette er eit problem dersom du til dømes ønskjer å ha (forklarande) tekstar på skråstilte piler. Det vil då vere naturleg å leggje ein tekstboks langs pila – og så skjule sjølve boksen (på same måten som med tekst i bilete). Men dette går altså ikkje i Word 2007, derimot verkar det i PowerPoint 2007!




Den einaste måten å få til skråstilte tekstar, vert såleis teksteffekt-verktøyet **WordArt**. Det er berre å velje ein av variantane (det er lett å byte seinare) og skrive inn teksten:



Det kan då sjå slik ut:

Her kan ein altså endre *storleik*, *dreie* og endre *proporsjonar* (den gule firkanten kan brukast til å gjere teksten mindre eller større i den eine enden).



Med tekstbryting *Tett* kan det sjå slik ut:

saksa var slik han berre kunne klippe ut i lause lufta, så klypte ho ferdige klede slik dei.

**4.2.2 Skatten**  
 Så køyrde dei langt og lenger, fjerde kongerike. Kongen der og ho skulle få riket etter barnet. No kom dei til at dei var då ikkje noe verre enn nei Men no var det slik i dette å kome inn. Dei som ikkje holme uti sjøen eit stykke frå kongsgarden.

**Hurra!** for dei hadde h skulle ha ei fag faren sin, sia ho v skulle prøve å fri til he å få meinte dei, og så drog e landet at ein måtte betale ein sto kunne betale skatten, blei sett ut på e